



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustri.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2010

Godkjend av årsmøtet pr 28.4.2011

ÅRSMØTET I 2010

Årsmøtet vart halde 20.4.2010 i møterommet i anleggsriggen på Hauge for veganlegget Hauge - Lonevåg. Me var på synfaring 500 m inn i tunnelen og fekk orienteringar både ved prosjektleiar Tor Arne Thorsen og byggjeleiar Arne Strand i Statens vegvesen og ved Hafsteinn Hafsteinsson i entreprenøren Istak.

MEDLEMSMØTE

Me hadde medlemsmøte tysdag 22.6.2010 i Kaikanten Kurs & Konferansesenter, Haus. Me fekk orientering om **Bergen Nordhordland Rutelag AS, Fjordcharter AS og Kaikanten Kurs & Konferansesenter AS** ved Trygve Tønnessen.

Høyringsframlegget til **arealdelen til kommuneplanen** vart presentert ved ordførar Kari Foseid Aakre, rådmann Odd Ivar Øvregård og plansjef May Britt Hernes.

Maritime Colours presenterte "**Design og kommunikasjon**" som strategiske verktøy for posisjonering og økt lønnsomhet".

Formannen, nestformannen og sekretæren m.fl. deltok ved opninga av **det nye skulebygget til Osterøy vidaregåande skule** 6.9.10.

Me hadde medlemsmøte tysdag 16.11.2010 i **nybygget**. Her var det omvising i skulebygget og den nye verkstadhallen på heile 800 kvm. Me fekk orientering om **Kompetansesenteret for CNC og robot**

ved avdelingsleiar Alf Einar Holdhus, rådsleiar Leif Tore Solberg m.fl.

Me fekk presentasjon av samspel mellom **NAV og næringslivet** med hovudfokus på ungdom ved rettleiar Linda Revheim og leiar Marit Natås.

Grow Competence Consulting AS innleidde til temaet "**Operativ leiing**".

STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte; 18.5.10, 18.8.10 og 28.4.11 (før årsmøtet) og har handsama 23 saker i kalenderåret 2010 og 7 saker i 2011 før årsmøtet. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestformann.

SAKER

Realisering av ny rv 567 mellom Hauge og Lonevåg har vore viktig sak for laget lenge. Det har vore god framdrift i anleggsarbeidet i 2010 og me ser fram til opninga av nyevegen hausten 2011.

Laget har arbeidd for å nytte stein-/tunnelmassar til **vegomlegging på fv 567 på Bysheim** (gjere 180-graderssving til 90-graderssving med redusert stigning). Kompensasjonsstyret bidreg med 0,5 mill kr, som har vore medverkande til at prosjektet vart gjennomført med totalkostnad på ca 2,5 mill kr. Den nye parsellen vart teken i bruk i august/september 2010. Me har og gjort innspel til utnytting av tunnelmassar for omlegging av **Kårvikskiftet** slik at store køyretøy til og frå Kårvika også skal kunne få nytte nyevegen Hauge – Lonevåg. Kommunen har budsjettert med kr 800.000 til prosjektet som dei skal lyse ut på anbod.

Laget har arbeidd aktivt for fleire **vegutbetringar på rv 567 mellom Hosanger og**

Gatland. Fylkestinget løyvde 15.3.2011 1 mill kr for 2011 til prosjektering og grunnverv for omlegging av vegen gjennom **Hosanger sentrum**. Det vart samstundes sett av 10 mill kr for 2012 og 5 mill kr for 2013 til dette prosjektet. Vedtaket inneheld ei føresetnad om at overslaget på 15 mill må kvalitetssikrast.

I handlingsprogrammet for fylkesvegar for 2011 er overført 9 mill kr frå 2010 til trafikksikringstiltak på Valestrand; **omlegging av vegkrysset ved Ole Bull-huset**. Industrilaget har tidlegare gjort innspel om heilt ny vegtrase i plassen for Bulla-brekka, men har ikkje nådd fram og me har ikkje engasjert oss meir i saka.

Laget støttar opp om etableringa av **eit større næringsområde på Espevoll** på ca 550 da, www.espevoll.no. Her arbeider Osterøy kommune og tiltakshavar Osterøy Entreprenør AS godt saman. Området er teke inn i arealdelen til kommuneplanen og 9.3.11 godkjende formannskapet planprogrammet for utarbeiding av ein områdeplan. I arealdelen til kommuneplanen er det stilt krav om **utbetring av fv 566 gjennom Vesetgjelet**. Kommunen har starta reguleringsarbeid for vegomlegging kombinert med legging av vass- og avløpsleidningar. Osterøy Industrilag vil arbeide aktivt saman med kommunen for å få til eit spleiselag med fylkeskommunen for gjennomføring av desse arbeida.

Arnatunnelen vil vere svært nyttig for Osterøynæringslivet, Osterøysamfunnet og for vidare utvikling av næringsliv på Osterøy. Osterøy Industrilag meiner dette vegprosjektet må realiserast snarast. Me aksepterer at dette i stor grad vil måtte skje med bompengar. Det er ikkje vorte noko avklaring for dette tiltaket i 2010.

Formannen og nestformannen har saman med ordføraren og rådmannen 19.10.10 vore på **møte med fylkesordføraren, fylkesrådmannen og samferdselsseksjonen** for å ha fokus på aktuelle vegprosjekt i fylkesvegbudsjettet.

Rulleringa av **kommuneplanen sin arealdel** vart endeleg godkjend i heradsstyret 16.2.2011. Industrilaget kom med innspel i høyringsrunden. Det viktigaste i høve næringsutvikling er at Espevoll næringsområde kom inn i planen. Men også fleire verksemdar har fått avsett utvidingsareal (m.a. Vestlandshus Mjelde AS, Solberg Sagbruk og Mjøs Metallvarefabrikk AS). Industrilaget har i mange år arbeidd for næringsareal i Settelia på Hauge. Dette er ikkje

komme med i kommuneplanen, men Industrilaget ser på Espevoll som ei god erstatning. Då det gjekk 3,5 år etter innspelfristen før kommuneplanen vart vedteke, oppmodar me kommunen om å snarleg starte ei ny rullering. Det kom mange innspel etter fristen som ikkje er vurderte.

Laget har vore aktivt engasjert for å **få bygt ny vidaregåande skule på Osterøy** og for oppbygging av **Kompetansesenteret for CNC og robot ved skulen**. Byggjearstart var i januar 2009 og me er svært godt nøgde med at eit veldig flott skulebygg med skikkeleg verkstadhall sto klart til skulestart hausten 2010. Nybygget og Kompetansesenteret er eit resultat av eit svært godt og aktivt samarbeid mellom mange partar der samspelet med fylkeskommunen og kommunen har vore svært godt.

Osterøy Industrilag er koordinator for **CNC and Robotics Partnerships, CaRPs**.

Dette er eit samarbeid mellom 11 partnarar i 5 europeiske land. Frå Norge/Osterøy deltek også Mjøs Metallvarefabrikk AS og kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule. Partnerskapen er finansiert med reisepengar frå EU/ Leonardo da Vinvi-programmet, ca 1 mill kr, og med tilskott på kr 400.000 frå Hordaland fylkeskommune til koordineringsoppgåva. Her er partnerskapen si heimeside: <http://www.rup.no/vision/vision1.aspx?hierarchyid=1161&type=5>

I februar 2011 søkte Osterøy Industrilag som koordinator om eit **Leonardo mobilitetsprosjekt** og eit **vidareutviklingsprosjekt** (budsjett på € 400.000) for å utvikle undervisningskompetansen innan robot for lærarar og instruktørar. Dette skal skje i samarbeid med eit polsk institutt, ein dansk robotprodusent, Kompetansesenteret for CNC og robot og 1-2 slovenske skular.

Me har gjort innspel til **strategisk næringsplan for Bergensregionen** som er utarbeidd av Business Region Bergen og godkjend i dei 20 eigarkommunane m.a. til tiltak 20; "**Synleggjøre og styrke CNC og robotklyngen i Bergensregionen**".

Fleire av Industrilaget sine medlemmer er saman i eit **robotiseringsnettverk**. Ein besøkjer kvarandre og gjennom eit forprosjekt støtta av Innovasjon Norge, er det skipa til fleire studieturar; i 2010 til Odense i Danmark. Nettverket førebudde ein søknad som bedriftsnettverk hovudprosjekt, men Innovasjon Norge krev at ein driv business saman for å få støtte, ikkje berre betre business kvar for seg som

resultat av nettverksaktivitetar. I mars 2011 har nettverket fått tilsegn om kr 70.000 i VRI kompetansemeklingsmidlar gjennom Innovasjon Norge for å førebu eit FoU-prosjekt saman med SINTEF.

Samarbeidsutvalet for Osterfjordregionen/Høgskolen i Bergen har initiert ein søknad til det nye **regionale forkingsfondet for Vestlandet** der det er innvilga forprosjektmidlar (kr 200.000) til "Teknologiledelse og fagopplæring i et CNC- og robotnettverk på Vestlandet: En tverrfaglig studie av kompetanseutvikling i et regionalt utviklingsperspektiv."

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen vitja Osterøy vidaregåande skule 26.10.10. Skulen var vertskap. Industrikonsulentent bidro aktivt for å få dette i stand. Det var bra pressedekning ved hjelp frå Business Region Bergen, BRB, med m.a. innslag om morgonen i nrk Hordaland og om kvelden på nrk Vestlandsrevyen.

Politisk rådgjevar Jeanette Moen i Næringsdepartementet besøkte Mjøs Metallvarefabrikk AS, Kompetansesenteret for CNC og robot/Robotiseringsnettverket 2.12.10.

Osterøy Industrilag er saman med Nordhordland Handverk og Industrilag, Kompetansesenteret for CNC og robot og dei vidaregåande skulane i Nordhordland tilskipar av **CNC-konkurransar**. To ostringar gjekk heilt til topps i yrkes-NM innan CNC-faget på Lillehammer.

Laget har tidlegare gjort fleire innspel til **Skyss** med oppmoding om å opprette **ekspressbussrute** mellom Arna stasjon og Lonevåg. Dette er m.a. viktig for å skaffe rekruttering til Osterøy vidaregåande skule. Me har og gitt støtteuttale i samband med Osterøy pendlarlag sitt arbeid for å betre kvaliteten i busstilbodet til og frå Osterøy.

18.5.10 hadde styret møte med **ordføraren, rådmannen og kommunen sin controllar**. Konklusjonen vart at partane er interesserte i å **organisere eit samarbeid for praktisk samhandling**.

19.5.10 var formannen og sekretæren invitert til **mottaking i Grieghallen med sentrale medlemmer i regjeringa** i samband med deira prosjekt "Samarbeid for arbeid". Me fekk mellom andre snakka med statsminister Jens Stoltenberg, kunnskapsminister Kristin Halvorsen og regionalminister Liv Signe Navarsete. Me tok opp aktuelle tema for laget, m.a. trongen for

fokus og kunnskap innan automatisering/robotisering.

Formannen og sekretæren deltok ved **opninga av Magnus M Thunestvedt AS sitt nybygg i Arna** 26.8.10.

Sigbjørn Reigstad i Lonevåg Beslagfabrikk AS og Leif Olav Mjelde i K Lerøy Metallindustri AS har teke initiativ til eit **nettverk mellom folk på Osterøy med personalansvar**. Ein ser for seg ca 4 treff pr år på omgang mellom deltakarane. Alle bedriftene som har meldt seg som interesserte, er medlemmer i Industrilaget. Nettverket kan tenkje seg å vere ei undergruppe under Industrilaget med bistand frå sekretæren. På sitt første møte 23.3.11 valde nettverket Leif Olav Mjelde og Sigbjørn Reigstad til styringagruppe for 2011.

Mange av **medlemsbedriftene** fekk merke verknadene av finansuroen som kom hausten 2008. Situasjonen har for mange no betra seg, men det er få som er tilbake til den omsetnaden og lønsemda ein oppnådde i glansperioden. Laget har mista ein av våre største medlemsbedrifter. **Borge Garveri AS** måtte diverre i april 2010 melde oppbod og heile 67 arbeidsplassar gjekk tapt. Med dette var det og sett sluttstrek for ei svært viktig næring for Osterøy gjennom generasjonar.

Osterøy Industrilag er aktiv deltakar i "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formannen er aktiv medlem i arbeidsgruppa for Næringsalliansen, også attvald for 2011.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd**.

Industrilaget har gruppeavtale med **Ventelo for mobiltelefon- og fasttelefonetener**. Avtalen vart etter ein tilbodsrunde fornya på forsommaren 2010.

Heimesida www.osteroyindustrilag.no, har i 2010 fått nytt opplegg og nytt design og vert no brukt meir aktivt.

Me legg vekt på eit aktivt samspel med **media**. Her nemner me berre nokre døme: Oppslag i Bygdanytt 2.7.10 frå kartlegginga Næringsalliansen gjorde om verknadene av finanskrisa. Oppslag i BT sin serie "Made in ..." 26.9.10 om Mjøs Metallvarefabrikk AS. Oppslag i BT sin serie "Næringsliv rundt Osterøy" 31.12.10 om Helgesen Tekniske-bygg AS.

Osterøy kommune har utarbeidd brosjyra "**Velkomen til Osterøy**" med m.a. omtale av næringslivet, Industrilaget og Kompetansesenteret for CNC og robot. Næringslivet/Industrilaget har støtta opp om dette tiltaket.

E-post er viktig kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 20 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy kommune er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Ny medlem: Hansen & Eknes AS

Industrilaget har **38 medlemsverksemdar** med ca **770 tilsette**.

STUDIETUR TIL KINA

Osterøy Industrilag gjennomførte 11.-21.3.2011 ein svært interessant og vellukka studietur til Kina med 18 deltakarar. Turen var lagt opp av Scandinavian Wheel AS. 2 av dagane sto den kinesiske maskinprodusenten TROOP for bedriftsbesøka. Me vitja både Beijing, Hohhot i Indre Mongolia og Shanghai. I Hohhot fekk me m.a. omvising på eit av dei største og mest moderne meieria i verda. Me fekk sjå både høgteknologisk produksjon med fokus på miljø og velordna, men svært manuelt basert og arbeidsintensiv produksjon. Me treffe mykje hyggjelege folk og har mykje å lære av kvarandre.

TILLITSFOLK

Styret:

Leiar Lars Magne Bysheim, på val
Eimund Øvsthus, ikkje på val
Tor Georg Hella, ikkje på val
Kjell Lerøy, på val
Vigdis Hellevang, på val

Varamedlemmer:

Ivar Solberg, på val
Johan Solberg, på val
Rolf Hagebø, på val

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val

Styringsutvalet for Industrikonsulentene:
Willy Helgesen med Sigbjørn Reigstad som personleg vara, ikkje på val
Svein Skulstad med Jostein Jacobsen som personleg varamedlem, på val
Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre

Revisor: Norodd Helle, på val.

Valnemnd, alle på val: Trude Jacobsen (leiar), Monica Solberg og Arne Hansen.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulentene på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulentene er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett. Industrikonsulentene deltek i Osterfjord Næringsamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 200.000 kr for dette i 2010. I 2010 fekk Osterfjordregionen også til rådvelde via fylkeskommunen 714.000 kr til Regionalt næringsfond for Osterfjord. Industrikonsulentene har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsamarbeid 2005-2010. Industrikonsulentene fekk i 2010 ei godtgjersle frå Osterfjord Næringsamarbeid på kr 35.000 for næringsutviklingsarbeid og kr 70.000 for sekretariatsfunksjonen.